

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1708/2005

2009/EØS/34/34

av 19. oktober 2005

om fastsetjing av nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til den felles referanseperioden for den harmoniserte konsumprisindeksen, og om endring av forordning (EF) nr. 2214/96(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2494/95 av 23. oktober 1995 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽¹⁾, særleg artikkel 4 tredje leddet og artikkel 5 nr. 3,

med tilvising til fråsegna frå Den europeiske sentralbanken⁽²⁾, som krevst i medhald av artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 2494/95, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Harmoniserte konsumprisindeksar (HKPI-ar) er harmoniserte inflasjonstal som Kommisjonen og Den europeiske sentralbanken krev for å kunne utføre oppgåvene sine i medhald av artikkel 121 i EF-traktaten. HKPI-ane er utforma på ein slik måte at det skal verte enklare å gjennomføre internasjonale jamføringsar av inflasjonen i konsumprisane. Dei tener som viktige indikatorar for forvaltninga av pengepolitikken.
- 2) I medhald av artikkel 5 nr. 1 bokstav a) i forordning (EF) nr. 2494/95 skal det i etappe I av dei tiltaka som er naudsynte for å nå fram til konsumprisindeksar som kan jamførast, utarbeidast eit førebels sett med konsumprisindeksar.
- 3) I medhald av artikkel 5 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 2494/95 skal den harmoniserte konsumprisindeksen (HKPI) i etappe II gjelde frå og med indeksen for januar 1997, og den felles referanseperioden for indeksen skal vere året 1996.
- 4) Forordning (EF) nr. 2494/95 hindrar likevel ikkje at HKPI-ar kan ajourførast på grunnlag av ein annan felles referanseperiode for indeksane.

5) Som følge av tilmeldinga av ti nye medlemsstatar i 2004 viser nokre delindeksar under HKPI, som er underlagde systemet for klassifikasjon av individuelt konsum etter føremål og tilpassa behova i samband med HKPI-ar (COICOP/HKPI), slik det er fastsett i kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/96 av 9. september 1996 om innledende gjennomføringstiltak for rådsforordning (EF) nr. 2494/95 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽³⁾, til ulike referanseperiodar for indeksen. HKPI-ane bør likevel utarbeidast på grunnlag av felles referanseperiodar, for såleis å sikre at dei kan jamførast i samsvar med artikkel 4 i forordning (EF) nr. 2494/95.

6) Ajourføringa av felles referanseperiodar for indeksen vil kunne gjere HKPI-ane meir aktuelle i samsvar med artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 2494/95.

7) Det vert rekna som god praksis å ajourføre referanseperioden for indeksen når det vert gjort større revisjonar av indeksane, anten når det gjeld postar, geografisk dekning eller begge delar.

8) Det må innførast reglar for felles referanseperiodar for delindeksar under COICOP/HKPI som er vortne integrerte i HKPI til ulike tidspunkt, for såleis å sikre at dei HKPI-ane som vert utarbeidde, stettar dei jamførings- og aktualitetskrava som er fastsette i artikkel 4 og artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 2494/95.

9) I denne samanhengen er det naudsynt å klargjere og harmonisere terminologien, for såleis å forenkle og einsrette den praktiske gjennomføringa når det gjeld referanseperiodar for HKPI-ar. Dessutan er det naudsynt å endre kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96 av 20. november 1996 om harmoniserte konsumprisindeksar: oversending og formidling av delindeksar under HKPI⁽⁴⁾.

10) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå det Utvalet for statistikkprogrammet som vart oppnemnt ved rådsavgjerd 89/382/EØF, Euratom⁽⁵⁾ —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 274 av 20.10.2005, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 71/2006 av 2. juni 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 44, 7.9.2006, s. 35.

⁽¹⁾ TEF L 257 av 27.10.1995, s. 1. Forordninga endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ Fråsegn gjeven 4. oktober 2005 (TEU C 254 av 14.10.2005).

⁽³⁾ TEF L 229 av 10.9.1996, s. 3. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1749/1999 (TEF L 214 av 13.8.1999, s. 1).

⁽⁴⁾ TEF L 296 av 21.11.1996, s. 8. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1920/2001 (TEF L 261 av 29.9.2001, s. 46).

⁽⁵⁾ TEF L 181 av 28.6.1989, s. 47.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Føremål

Føremålet med denne forordninga er å innføre felles reglar for fastsetjing av visse referanseperiodar for indeksar, for såleis å sikre at det vert utarbeidd harmoniserte konsumprisindeksar (HKPI-ar) som er pålitelege og aktuelle.

Artikkel 2

Definisjonar

Ved utarbeidinga av HKPI-ar skal det nyttast tre typar felles referanse- eller basisperiodar som kan veljast uavhengig av kvarandre:

- a) «Referanseperioden for veging» slik det er definert i artikkel 2 i kommisjonsforordning (EF) nr. 2454/97⁽¹⁾.
- b) «Referanseperioden for prisar» er perioden då dei gjeldande prisendringane vert målte, og då prisane vert nytta som nemnarar ved utrekninga av indeksane. Perioden viser til dei prisane som vert nytta for å vurdere mengdene i vegingane i HKPI.
- c) «Referanseperioden for indeksen» er perioden då indeksen er fastsett til 100 indekspoeng.

Artikkel 3

Gjennomføringstiltak

1. Den felles referanseperioden for HKPI skal vere 2005 = 100.
2. Når det er føremålstenleg, skal dei fullstendige tidsseriane for alle HKPI-ane og delindeksane under HKPI omjusterast til ein annan felles referanseperiode for indeksen.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. oktober 2005.

Ved ajourføringar skal dei fullstendige tidsseriane for alle HKPI-ane og delindeksane under HKPI omjusterast til den felles referanseperioden for indeksen. Omjusteringa til den nye referanseperioden for indeksen får verknad saman med indeksen for januar i det etterfølgjande kalenderåret.

3. Kommisjonen (Eurostat) kan ajourføre referanseperioden for indeksen etter samråd med Utvalet for statistikkprogrammet, som vart oppnemnt ved avgjerd 89/382/EØF, Euratom.

4. Dersom det finst fleire delindeksar i COICOP/HKPI som skal integrerast i HKPI, skal desse knytast til i desember på nivået 100 indekspoeng, og få verknad saman med indeksen for den etterfølgjande januar månad.

Artikkel 4

Endring

I forordning (EF) nr. 2214/96 skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Formidling av delindekser

Kommisjonen (Eurostat) skal formidle delindekser under HKPI-er for kategoriene oppført i vedlegg 1 til denne forordning på grunnlag av en felles referanseperiode for indekser.»

Artikkel 5

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

For Kommisjonen

Joaquín ALMUNIA

Medlem av Kommisjonen

⁽¹⁾ TEF L 340 av 11.12.1997, s. 24.